

Budsjett 2019

Økonomiplan 2019-2022

Livkvalitet for alle

• Meistringsteam barneskule	+ 700 000
• Kreativ læring (praktisk/estetiske fag)	+ 1 000 000
• Uteområdet Os skule	+ 600 000
• Ungdom i Os	+ 250 000
• Turngrop og tilleggsareal Os Idrettspark	+ 3 700 000
• Fond parkering (friluftsliv/turstiar)	+ 2 000 000
• Lysløype	+ 1 000 000
• Sjøsettingsrampe Lysefjorden	+ 100 000
• Ernæringsfysiolog	+ 800 000
• Leve hele livet-reforma	+ 500 000
• Utgreiing kjøkken/restaurant Luranetunet	+ 500 000
• Vassforsyning Os Hamn/Gjestebryggja	+ 200 000



Fremskrittspartiet
-for folk flest



1. Innleiing

FrP/H/V legg med dette fram felles Budsjett 2019/Økonomiplan 2019-22. Framlegget er basert på rådmannen sitt budsjettframlegg av 30. oktober 2018 og faktagrunnlaget som er presentert gjennom budsjettprosessen.

Der koalisjonen FrP/H/V ikkje har ytra noko anna, eller spesifikt fremja endringsforslag, sluttar ein seg til rådmannens føringar i budsjettframlegget av 30.10.18.

Dersom endeleg Statsbudsjettet for 2019 gir økonomiske konsekvensar for kommunen må budsjettet for Os kommune justerast deretter.

2. Overordna føringar

Os kommune har lenge vore ein attraktiv kommune. Folketalet aukar framleis raskt, sjølv om vi ser ein noko lågare vekst i 2018. Vi ser også god vekst og positivitet i næringslivet. Vidare arbeid med tilrettelegging for næringslivet, og dermed etablering av fleire arbeidsplassar, er ei hovudprioritering for FrP/H/V.

Kommuneøkonomien i Os har utvikla seg positivt gjennom fleire år, og vart toppa med 52 mill kr i mindreforbruk/overskot i 2017 (+40 mill kr i 2016, +50 mill kr i 2015, + 46 mill kr i 2014, +34 mill kr i 2013). I 2017 var netto driftsresultat på hele 145 mill kr, tilsvarande 9,4%, medan Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) sitt mål for solid kommuneøkonomi er 1,75%. Resultata er imponerende når ein tek omsyn til at Os er ein låginntektskommune og ikkje har eigedomsskatt.

Ein har dermed lukkast i den overordna strategien frå dei siste budsjettåra om å halda att på løpande driftsutgifter for å gje rom for auka investeringar i ny infrastruktur.

P.t. tyder alt på at det vert eit pent overskot også i 2018. Det positive resultatet i år skuldast i hovudsak overskot i SiO-prosjektet, utbetaling frå Havbruksfondet, pensjonsavkastning og god økonomistyring i tenesteproduksjonen.

Vedr. Havbruksfondet vil FrP/H/V komma attende til disponering i samband med rekneskapsavslutninga for 2018, men vil signalisera et midlane med fordel kan rettast mot infrastrukturtiltak som kjem næringslivet til gode.

Rådmannen la 30.oktober fram Budsjett 2019 med ca 26 mill kr i forventa mindreforbruk/overskot. I Økonomiplanen 2019-22 er det også solid overskot i 2020,

medan de to siste åra i økonomiplanperioden er svakare. Dette må uansett handterast nærare etter etableringa av Bjørnafjorden kommune 01.01.2020.

Koalisjonen FrP/H/V vil også i år nytta høvet til å rosa administrasjon, tillitsvalde og tilsette for vel gjennomført arbeid med tilpassing av drifta, omorganisering og effektivisering over år. Saman med politisk nivå har ein evna å halda nede driftsutgiftene, samstundes som ein har arbeidd målretta med meir langsiktig utviklingsarbeid i organisasjonen. Vi held fast på at grunnlaget for suksessen skuldast i stor grad det gode trepartssamarbeidet mellom tillitsvalde, administrasjon og politisk nivå i kommunen. Dette samarbeidet ser vi vidare på som avgjerdande for å lukkast i arbeidet med etableringa av Bjørnafjorden kommune 01.01.20.

FrP/H/V sluttar seg til rådmannens fire overordna fokusområde for 2019, med følgjande innspel til konkrete ekstratiltak;

- Klima og miljø
 - Fokus på organisering av plastrydding, aktivisera barnehagar og skular, samarbeid med frivillige org. f.eks Rotary, tilskuddsordning som kan søkjast på
- Folkehelse
 - Diverse tiltak i FrP/H/V sitt budsjett for å stimulera til fysisk aktivitet (Os Idrettspark, parkering v/friluftsområde og turstiar, lysløype)
- Tidleg innsats og førebygging
 - Utvida Meistringsteam, Kreative fag i skulane, tiltak Ungdom i Os, bruk av Inn på tunet-konseptet mot ulike brukargrupper (eldre, PU, psykiatri, ungdom)
- Redusert barnefattigdom
 - Utredda aktivitetskort og utstyrsutleige for barn og unge (gjerna i regi av frivillige organisasjonar)

Vi kommenterer også nærare på enkelttiltak under desse fokusområda i kap. 3.

Vidare vil vi halda fast på hovudstrategien frå dei siste kommunebudsjetta, og ber rådmannen om å oppretthalda fokuset på at;

- Organisasjonen hentar ut effektivisering og stordriftsfordelar ved at omfanget og/eller kostnader med den kommunale tenesteproduksjon ikkje aukar like sterkt som folketalet. Måltallet for kor mange innbyggjarar Os har pr. kommunalt årsverk synte diverre ei negativ utvikling dei siste åra (22,4 i 2014 – 19,8 i 2017)
- Digitalisering vert nytta der det er rom for betre kundeservice og effektivisering av arbeidsprosessar

Budsjett 2019/Økonomiplan 2019-2022 – framlegg FrP/H/V

- Forventa vekst i frie inntekter må i hovudsak nyttast til å dekkja auka kapitalkostnader knytt til naudsynte investeringar i ny sosial infrastruktur.
- Potensialet i kommunale eigedommar og Lyseparken Næringsområde må hentast ut, og den økonomiske gevinsten nyttast som eigenkapital til kommande investeringar.
- Kommunen må satsa på basistenestene innan barnehage, skule, helse og omsorg, og unngå oppbygging av nye kostbare og spesialiserte tenester.
- Kvalitets- og utviklingsarbeidet i tenesteproduksjonen vert prioritert.
- Tenesteområda må halda vedtekne budsjетtrammer.

FrP/H/V sluttar seg til rådmannens framlegg til *Målekort og Resultat- og kvalitetsmål* for dei ulike tenesteområda, men saknar overordna målekort for den samla kommunale verksemda i 2019-budsjettet. Overordna målekort bør m.a. innehalda mål for kommuneøkonomien, folkevekst og personalområdet, og så langt råd er innehalda kvantitative mål.

Koalisjonen legg difor fram følgjande overordna målekort for 2019 (skal rapporterast i årsmelding);

Mål	Målast med	Siste måling	Ambisjon 2019
Kommunebarometeret	Kommunebarometeret	46 (2017)	Topp 40
% av netto driftsutgift som går til styring og administrasjon	Kostra	5,7%	5,6%
Netto driftsresultat	Rekneskap 2019	9,4% (2017)	1,75%
Budsjетtdisiplin	Rekneskap 2019		Holde nettorammer på tenesteområda
Tal innbyggjarar pr årsverk	Årsmelding 2019	19,8 (2017)	21,0
Meistringsorientert leiing	10-faktor medarbeiderundersøking	4,0	4,2
Sjukefråvær	Eigen- og legemeldt fråvær	7,5% (2017)	7,0%
Heiltidskultur	Gj.snittleg stillingsprosent	76% (2017)	85%
Grunnskulepoeng		42,2 (2017)	Over landssnitt
Vekstkraft næringslivet	NHO – Næringsbarometeret	38 (2017)	Topp 30

I det vidare dokumentet vil FrP/H/V kommentere einssilde endringsframlegg innan både drifts- og investeringsbudsjettet.

3. Driftsbudsjett

3.1 Driftsrammer

FrP/H/V konstaterer at veksten i frie inntekter er på 5,3% for Os kommune, mot landsgjennomsnittet på 2,9%. Rådmannen har lagt anslaga i Statsbudsjettet til grunn for inntektsrammene i 2019, og fullt ut kompensert auka pensjonskostnader og løns- og prisvekst for tenesteområda. I tillegg er det funne rom for noko styrking av einskildtenester, samt mindre satsingstiltak knytt til dei fire fokusområda i budsjettet.

Fylkesmannen rår kvart år kommunane til å vurdera rammetilskot og skatteanslaget i Statsbudsjettet opp mot lokale tilhøve knytt til folketalsutvikling og skatteinngang. Tradisjonelt har den høge folkeveksten i Os gjeve rom for noko auke i dei frie inntektene i høve anslaget i Statsbudsjettet. Folkeveksten har imidlertid vore noko lågare i 2018 enn tidlegare år, og FrP/H/V vil ikkje auka skatteanslag eller rammetilskot i 2019-budsjettet.

Vi finn likevel rom for nokre satsingar, og dekkjer dette inn gjennom å redusera den årlege avsetning til lønsoppgjer, da lønsjustering for brorparten av dei tilsette innan omsorgssektoren kan dekkjast av SIO-midlar. Koalisjonen reduserer også overskotet i rådmannens budsjettframlegg for 2019 noko, medan overskotet aukar marginalt i resten av økonomiplanperioden.

FrP/H/V tek utgangspunkt i rådmannen sitt framlegg til nettorammer for dei ulike tenesteområda for 2019-22, slik dei går fram av tabell på side 18 i budsjettframlegget, men vil gjera slike endringar;

Budsjett 2019/Økonomiplan 2019-2022 – framlegg FrP/H/V

Funksjon/teneste	2019	2020	2021	2022
<u>Frie inntekter</u>				
<u>Finans</u>				
<u>Folkevalde organ</u>				
<u>Fellesutgifter</u>				
Lønsjustering omsorgstenestene via SIO	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000
Turistinformasjon	100 000			
<u>Konkurransetsette verksemder</u>				
<u>Oppvekst og kultur</u>				
Prosjekt BLR - Meistringsteam	700 000	700 000	700 000	700 000
Kreative fag Os-skulane	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Uteområdet Os skule	600 000			
Ungdom i Os - tiltak	250 000	500 000	500 000	500 000
Lysløype Strandvegen	1 000 000			
Turngrop og ekstraareal Os Idrettspark	3 700 000			
Fond parkeringsplasser friluftsliv/tur	2 000 000			
Sjøsettingsrampe Lysefjorden/Buena	100 000			
<u>Helse, omsorg og beredskap</u>				
Ernæringsfysiolog	400 000	800 000	800 000	800 000
Overføring fra SIO - ernæringsfysiolog	-400 000	-800 000	-800 000	-800 000
Utgreiing kjøkken/restaurant Lurane	500 000			
Leve hele livet-reformen (tiltak)	500 000			
Overføring fra SIO - Leve hele livet	-500 000			
<u>Samfunnsutvikling</u>				
Os hamn - vatn	200 000			
<u>Prosjektavdelinga</u>				
Sum	6 150 000	-1 800 000	-1 800 000	-1 800 000
"Budsjettoverskot" til k.styret disp.fond	20 129 000	27 949 000	12 126 000	4 744 000

Os kommunestyre ber rådmannen gjera naudsynte justeringar i nettorammane basert på budsjettframlegget frå FrP/H/V.

Nokre av tiltaka over er eingongstiltak i 2019. Dei varige driftstiltaka summerer seg til 3 mill kr pr år i perioden 2020-22, som er ei forsiktig tilnærming sett frå FrP/H/V si side.

FrP/H/V vil i det følgjande gje merknader til endringane, og vi vil også gje føringar for tema og saker organisasjonen må ha særskilt merksemd på i budsjettåret 2019.

3.2 Skatt, rammetilskot, finans m.v.

Frie inntekter – rammetilskot og skatt

Ingen endringar i høve Statsbudsjettet grunna lågare folkevekst hittil i 2018 enn tidlegare år.

Gjeld, finanskostnader

Vi finn ikkje grunnlag for å endra rådmannen sine vurderingar i høve rentenivå for økonomiplanperioden.

Finansporteføljjen

FrP/H/V vidarefører den langsiktige strategien med Finansporteføljjen til Os kommune. Midlane etter BKK/Oskraft skal forvaltast i eit generasjonsperspektiv, og i tråd med etablert praksis er det i økonomiplanperioden ikkje budsjettert med forventa avkastning på porteføljjen.

Utbytte kommunale selskap

FrP/H/V følgjer strategien til rådmannen om eit årleg utbytte frå Os Bygg og Eigedom AS på kr 3 500 000 i økonomiplanperioden.

Eigedomsskatt

Det er ikkje aktuelt for FrP/H/V å innføra eigedomsskatt i Os kommune, og vi viser til intensjonsavtala mellom Os og Fusa kommunar pkt. 4.5 der det står: «*Det er eit mål at det ikkje skal vera eigedomsskatt i Bjørnafjorden kommune*» .

3.3 Fellesutgifter

Næring

FrP/H/V er nøgd satsinga kommunen har hatt på næringsutvikling dei siste åra. Dette følgjer opp partia sin langsiktige strategi for å etablere fleire arbeidsplassar i kommunen.

Satsinga på Gründerparken har vore ein suksess, og vi føreset at Næringsavdelinga arbeider aktivt for å rekruttere nye gründarar inn i parken.

For 2019 vil vi be om at følgjande tema vert prioritert i næringsavdelinga;

- Oppfølging og vidareutvikling av næringslivet i kommunen gjennom tettare dialog med eksisterande verksemder
- Stimulere til at fleire lokale verksemder søker midlar for Skattefunn, Innovasjon Norge, Norges forskningsråd osv.
- Tilrettelegging for nye næringsetableringar i kommunen – aktiv jobbing mot potensielle verksemder og marknadsføring av Os som næringskommune
- Vidare sentrumsutvikling i samarbeid med Prosjekt Liv på Øyro II
- Oppfølging av Visit Bjørnefjorden og Bjørnefjorden Matkultur

FrP/H/V registrerer òg at aktiviteten i Os Næringsråd er aukande, og at Bjørnefjorden Næringsråd no er godt etablert.

Turistkontor

FrP/H/V syner til prosjektet med turistinfo i 2018, og set av kr 100 000 til eit tilsvarande tilbod i 2019. Etter kvart må ein ta stilling til om vi skal ha ein permanent funksjon med turistkontor for Bjørnafjorden, ref. Visit Bjørnafjorden.

Disposisjonsfond for formannskapet

FrP/H/V vidarefører formannskapet sitt disposisjonsfond med 1,8 mill kr pr år i tråd med rådmannens budsjettframlegg.

Avsetning lønsoppgjer

Posten vert redusert med kr 4 000 000 som vert dekkja av SIO-prosjektet.

Totalt vert ramma til Fellesområdet redusert med kr. 3 900 000 i 2019 (målt mot rådmannen si innstilling).

3.4 Stab

Ingen endringar.

3.5 Oppvekst og kultur

Prosjekt Betre læringsresultat (BLR)

Prosjekt Betre Læringsresultat vart i 2013-budsjettet etablert som eit delprosjekt under Kvalitetsplanen for Oppvekst og Kultur. Prosjektet skal strekkja seg over ein 5-7 års periode, og vi har opplevd stor entusiasme rundt prosjektet. Prosjektet er tilført ekstra midlar kvart år i perioden 2014-18, og for 2018 vart meistringsteamfunksjonen utvida også til barnetrinnet med hovudfokus på psykososialt læringsmiljø.

FrP/H/V tilfører kr 700 000 til utviding av Meistringsteamet i barneskulen frå 2019, med spesielt fokus på overgangen barnehage-skule og barn med stort hjelpebehov.

Kreativ fag i Os-skulane

Praktisk-estetiske fag som musikk, dans, handverk, kunst og drama er viktige for utviklinga til born og unge. Ei rekkje undersøkingar og forskning peikar på betre resultat i språkfag og realfag når born får bruke sine kreative og performative evner. Kreative fag er ofte energigivande, styrker sjølvtiliten og hjelper tenkinga. Medan kulturskulane utviklar talent med sitt tilbod, er eit breitt tilbod av kreative fag i grunnskulen viktig for alle born.

FrP/H/V vil overlata til skulane sjølv å best utforme korleis ei styrking av praktisk-estetiske fag kan realiserast innan dagens Os-skule, og set av kr 1 000 000 til tiltaket kvart år i økonomiplanperioden. Ein kan i første omgang kanskje starte med ungdomskulane, og etterkvart utvide tilbodet til barneskulane.

Uteområdet Os skule

FrP/H/V har merka seg initiativet frå FAU ved Os skule, og set av inntil kr 600 000 frå kommunen til eit spleiselag for oppgradering av uteområdet ved skulen i 2019 (tilskot og forskotering tippemidlar). Hovudfokus bør rettast mot Røde Kors-tomten, og ta med seg utbetring av gangveg frå tomten og ned bak Minneparken. Slik kan ein få vidareutvikla grøntdraget gjennom sentrum (Os skule-Minneparken-Kyrkjeflaten-Os hamn), og styrkja aktivitetstilbodet for born i sentrum. Set i samanheng med utbygginga av Os Aktiv, oppgradering av uteområdet ved Os Ungdomsskule og parkeringsanlegg under grusbanan vil dette styrkja sentrumsutviklinga i nordre del av Osøyro. Utløyste tippemidlar i prosjektet skal tilfalla kommunen.

Prosjekt – Raudlio og Stokkedalen

FrP/H/V konstaterer at arbeidet med Raudlio/Stokkedalen ikkje er kome så langt som planlagt i 2018, og at rådmannen har lagt inn kr 500 000 til prosjektet i 2019. Vi finn derfor grunn til gjenta teksten frå koalisjonens 2018-budsjett;

I 2014 kjøpte Os kommune, av Statskog, det nesten 11.000 daa store friluft- og rekreasjonsområdet Raudlio og Stokkedalen. FrP/H/V er opptekne av dette området skal forvaltast på ein best mogleg måte, og ynskjer å setja ned eit prosjekt som skal sjå korleis vi best kan oppnå dette. Prosjektet må gå gjennom eksisterande avtaler som fins for området, og eventuelt reforhandla desse. Ein må gå i dialog med nærliggande grunneigarar og vurdere om ein kan samarbeida om delar av området. Det må utarbeidast ein plan for forvaltning av skog, samt at potensialet for vidareutvikling av friluft- og rekreasjonsområdet må vurderast – gjerne gjennom eit moglegheitsstudie. FrP/H/V set av kr. 500.000 til eit slikt prosjekt som skal koordinerast av Kultureininga. Vi ber om at det vert sett ned ei prosjektgruppe snarast, og det er naturleg at landbrukskontoret, planavdelinga og

*teknisk drift vert ein del av denne, i tillegg til andre interessentar av området.
Prosjektet skal rapportera til Formannskapet.*

Ungdom i Os - tiltak

Kommunen har i 2018 arbeid med kartlegging av behovet for aktivitetstilbod for ungdom på Osøyro. FrP/H/V set av kr 250 000 til tiltaket i 2019 og kr 500 000 for åra 2020-22. Kommunen bør vurdera nærare kva tiltak som er aktuelle, og om det kan vera føremålsteneleg å utfordra frivillige lag og organisasjonar til å stå ansvarleg for tilboda, evt. i samarbeid med Os Friviljugsentral. FrP/H/V ber rådmannen komma attende til endeleg prioritering av tiltak, organisering og lokalisering i ei eiga sak til Os formannskap i 2019. Os ungdomsskule kan vera ein eigna lokalitet i starten, og på sikt kan evt. Os Aktiv vera aktuell.

Kulturelt Utviklings Program (KUP Os)

I rådmannens budsjettframlegg, er KUP-ordninga vidareført med kr 1 000 000 innanfor ramma til Oppvekst og kultur. FrP/H/V vidarefører dette, og legg til grunn at eventuell støtte til Osfest også i 2019 vert finansiert frå formannskapets disposisjonsfond.

Lysløype

Ved fleire høve har behovet for lyssatt treningsløype i Os vore diskutert, seinast i arbeidet med tur-/treningsløype rundt Ulvenvatnet. Andre alternativ i debatten har vore Strandveien (Osøyro-Moldaneset) og deler av turvegane i Osmarka (m/basis i Knutabrua).

FrP/H/V vil prioritere eitt slikt prosjekt, og sett av kr 1 000 000 i driftsbudsjettet i 2019. Primært ønskjer ein å satse på Strandvegen for å støtte opp om utviklinga av regionsenteret Osøyro. Om dette ikkje lukkast kan ein gå vidare med Osmarka. FrP/H/V ber rådmannen etablere dialog med grunneigarar langs Strandvegen, estimere kostnader, prosjektere og sjå på ulike modellar for spleiselag. Ein spleiselagsmodell der private og næringsdrivande kan «kjøpe en stolpe» skal vurderast. Potensialet for tippemidlar bør også sjekkast ut.

Turngrop og ekstraareal Os Idrettspark

FrP/H/V syner til notat vedr. turngrop/buldrevegg, areal til kampsport og kontorfasilitetar i Os Idrettspark. Koalisjonen vil realisera prosjektet slik at vi får full effekt av den nye dobbelthallen på Kuventræ, og sett av kr 3 700 000 over driftsbudsjettet i 2019. Saman med tilskot frå Hordaland fylkeskommune (1 mill kr) og forventa refusjon av tippemidlar i 2019 (4 mill kr) vil totalprosjektet på 8,7 mill kr vere fullfinansiert. Tilskotet på 1 mill kr frå Hordaland fylkeskommune må setjast av til føremålet ved rekneskapsavslutninga for 2018.

Areala må innreiast så fleksibelt som mogeleg slik at flest mogeleg brukargrupper kan få nytte av investeringa. Deler av areala kan også leigast ut på kommersielle vilkår (Os Vidaregåande skule, helsetenester), og FrP/H/V føreset at evt. framtidige leigeinntekter vert vurdert opp mot det årlege tilskotsbehovet til Os Idrettspark KF.

Fond parkeringsplassar friluftsområde/turløyper

Parkeringskapasitet knytt til attraktive friluftsområder og turløyper er ei utfordring fleire stader i kommunen. FrP/H/V vil difor setja av eit fond på kr 2 000 000 til føremålet i 2019-budsjettet, og vil særleg peika på området ved Lyse Kloster og Ervikane friluftsområde som aktuelle prosjekt det kommande året. Administrasjonen vert oppmoda om å samarbeida med t.d. Bergen og Omland Friluftsråd om mogelege spleiselag.

Sjøsettingsrampe Lysefjorden

På den kommunale parkeringsplassen v/Buena kai i Lysefjorden ligg det til rette for etablering av ein enkel sjøsettingsrampe for småbåtar. FrP/H/V set av kr 100 000 til tiltaket i 2019.

Totalt aukar dermed nettoramman til område Oppvekst og Kultur med kr. 9 350 000 i 2019 (målt mot rådmannen si innstilling).

3.6 Helse og omsorg

Statleg finansiering av omsorgstenestene (SIO) pregar tenesteområdet, og resultatane har hittil vore strålende for Os kommune både i høve økonomi, styring og kontroll, brukarmedverknad og kompetanse. I Statsbudsjettet 2019 vert forsøket utvida med tre år, og Fusa kommune får høve til å slutta seg til prosjektet. Vi ser fram til vidare rapportering frå SIO, og ber administrasjonen om å framleis ha særleg merksemd på perioden *etter at* ordninga vert avslutta. Dette for å sikra at vi ikkje bygg opp tenester vi ikkje har økonomi til å drifta etter SIO.

Utvida kapasitet heildøgns omsorg

Gjennom 2018 har ein sett at behovet for sjukeheimplassar har auka meir enn prognosane, og opninga av den siste avdelinga på Luranetunet er framskunda. FrP/H/V er eining i rådmannens satsing på open omsorg og velferdsteknologi, men ser også at kommunen bør leggja planar for utvida kapasitet innan heildøgns omsorg.

FrP/H/V vil difor be rådmannen setja ned eit prosjekt for å analysere behovet for heildøgns omsorgsplassar i Os/Bjørnafjorden kommune fram mot 2030, samt greia ut ulike utbyggingsalternativ (tomtar, storleik, framdrift osv). Ein skal ta utgangspunkt i tilgjengelege kommunale tomtar, t.d. Luranetunet og Askviknes. Prosjektet skal rapportera både til Os formannskap og Fellesnemnda for Bjørnafjorden kommune gjennom 2019.

I høve velferdsteknologi meiner FrP/H/V at Bjørnafjorden kommune må setja seg ambisiøse mål, t.d. «best i regionen/landet på velferdsteknologi».

Leve hele livet-reforma

I 2019 skal kvalitetsreforma for eldreomsorga rullast ut. Fokusområda i reforma vil være viktig for vidareutviklinga av eldreomsorga i Bjørnafjorden kommunen frå 01.01.2020. FrP/H/V gjer difor framlegg om at rådmannen/prosjektleder etablerer eit eige delprosjekt for Leve hele livet i nye Bjørnefjorden kommune. Prosjektet må utarbeide grunnlag for korleis reforma skal gjennomførast i Os og Fusa/Bjørnafjorden kommune, og fremje sak til handsaming i kommunestyra i Os og Fusa i 2019 i tråd med rammene for reforma.

FrP/H/V set også av kr 500 000 til oppstartmidlar/tiltak knytt til Leve hele livet-reforma i 2019-budsjettet, og finansierer dette med SIO-midlar.

«Livsgledeheim» - sertifisering

FrP/H/V konstaterer at rådmannen vil vente med dette prosjektet slik at også Fusa Bu- og behandlingssenter kan bli ein del av prosjektet. Budsjettkoalisjonen legg til grunn at Livsgledeheim-sertifisering vil være eit naturleg tiltak under arbeidet med reforma «Leve hele livet» (sjå eige avsnitt), og gjentar derfor teksten frå 2018-budsjettet;

FrP/H/V er særst nøgde med at Nye Luranetunet er ferdigstilt og at innflyttinga har gått over all forventning. Det vert lagt ned mykje godt arbeid i å skapa ein god kvardag for bebuarane, og vi har gjennom tidlegare budsjett prioritert Os frivilligsentral som ein aktør som skal skapa innhald i kvardagen. Dette ynskjer vi å setja ytterlegare fokus på, ved å få sertifisert Luranetunet som «Livsgledeheim». Ein må då oppfylle 9 livsgledekriterier, der mellom anna aktiviteter utomhus er eit fokusområde (sjå vidare pkt 3.6, 3. avsnitt). For at alle desse kriteria skal kunne stettast, ynskjer FrP/H/V å setja av kr. 100.000 til dette arbeidet. Ein ser føre seg ei sertifisering innan 2019. Os kommunestyre ber rådmannen henvenda seg til «Livsglede for eldre» med formål å inngå eit forpliktande samarbeid. Rådmannen skal engasjera ein konsulent som får opplæring og rettleiing av godkjende sertifiserarar. Denne konsulenten er prosessrettleiar og inspirator fram mot sertifiseringa. Personen skal hentast frå eigen organisasjon, og kjøpast fri i 10% stilling.

Ernæringsfysiolog og kjøkken-/restaurantdrift Luranetunet

Leve hele livet-reforma er handsama i Stortinget i haust. Eit av fokusområda i reforma er ernæring og matglede, og regjeringa har varsla ei mogeleg statleg tilskotsordning for kjøkkendrift på sjukeheimar.

FrP/H/V meiner difor at kommunen no bør utgreia potensialet for eigen kjøkkendrift og utvida restauranttilbod for besøkjande på Luranetunet, og løyver kr 500 000 til tiltaket i 2019. Målet er at kommunen skal være i posisjon til å søkja statleg tilskot dersom ordninga kjem i Revidert Nasjonalbudsjett 2019 eller i Statsbudsjettet 2020. Utgreiinga må òg sjå på potensialet for utvida samarbeid med kjøkkenet på Fusa Bu- og behandlingssenter, som i dag lever middag til heimebuande eldre i Os.

FrP/H/V set også av midlar til ein ny stilling som ernæringsfysiolog frå 2019, og finansierer denne med SIO-midlar. Målsettinga er å forsterka fokuset på ernæring og matglede både for bebuarar på Luranetunet og heimebuande.

Nettoramma til område Helse og omsorg aukar med kr 500 000 i 2019 (i høve rådmannen si innstilling).

3.7 Samfunnsutvikling

FrP/H/V støyr rådmannen sine prioriteringar under området Samfunnsutvikling i 2019.

FrP/H/V er nøgd med at ein er i gong med å avhenda eigedomar Os kommune ikkje skal nytta i eigen tenesteproduksjon; - som barnehagetomta, Greidalen og Fjellheim. Koalisjonen ber rådmannen om å auka fokuset på utvikling og sal av eigedomar i 2019. Spesielt bør ein avklåra korleis Mobergslia skal realiserast, og kommunen må ta stilling til framtidig bruk av Askviknes.

Prosjekt Liv på Øyro II

Utviklinga av regionsenteret Osøyro held fram gjennom Prosjekt Liv på Øyro II. I investeringsbudsjettet er det ført opp 10 mill kr i 2019 og 5 mill kr i 2020.

I 2019 prioriterer FrP/H/V ferdigstilling av Bydraget med Elveplassen, samt elvepromenaden ned mot hamna. Styringsgruppa for Liv på Øyro II og Prosjektavdelinga bør også arbeide vidare med teknisk løysing, kostnader og finansieringsmodell for eventuell gangbru over Oselva i forlenginga av Elveplassen.

I vinter vil dei tre siste flytemoloane komma på plass i Os Hamn. FrP/H/V ber difor om at potensialet for utvikling av området Os kai / Gamlemoloen vert utgreia nærare i tråd med rapporten frå Hamneutvalet. Fokus bør rettast mot auka gjestehamnkapasitet (flytekaiar) og flytting av næringskaien til ny kaifront på utsida av gamlemoloen.

Liv på Øyro II bør også gå gjennom dei øvrige tilrådingane frå Hamneutvalet sin rapport av 14.02.18, og mellom anna vurdere om det skal etablerast eit eige driftsselskap for Os hamn.

I tillegg set FrP/H/V av kr 200 000 for å få betre tilgjenge for vassforsyning i Os Gjestehamn/langs Gjestebryggja.

Trafikksikring, gang- og sykkelveg langs fylkesveg

I tillegg til det kommunale arbeidet med trafikksikring er det fleire trafikksikringsprosjekt på fylkesveg som bør realiserast dei kommande åra. FrP/H/V vil signalisere politisk vilje til kommunal forskotering og/eller å inngå spleiselag med Hordaland fylkeskommune/private om aktuelle gang- og sykkelvegprosjekt langs fylkesveg. Aktuelle prosjekt er m.a. Sperrevikvegen, Hatvikvegen, Ådnadalen og fylkeskommunal del av Lepsøy-krysset. Kommunale bidrag kan evt. finansierast gjennom forventa overskot i 2017-rekneskapen.

Kollektivtilbod

FrP/H/V legg til grunn at Os kommune har ein pådrivarrolle overfor Hordaland fylkeskommune i høve vidareutvikling av kollektivtilbodet i kommunen både til krinsane i Os (ringbussar) og pendlartilbodet Os-Bergen (frekvens og pendlarparkering). I tillegg bør ein mobilisera for auka kapasitet i skulerutene slik at elevar slepp ståplassar.

Samfunnsutvikling får ei tilleggsøyving på kr. 200 000 i 2019 (i høve rådmannen sitt budsjettframlegg)

4. Avgiftsbudsjettet

FrP/H/V har ikkje endringsframlegg til avgiftsbudsjettet.

5. Investeringsbudsjettet

FrP/H/V er nøgd med at rådmannen har synleggjort eit investeringsprogram for perioden fram til 2025. Dette gjev perspektiv på framtidige investeringsbehov, og nyttig informasjon i høve framtidige utfordringar i drifta. I den vidare prosessen med Fusa kommune fram mot kommunesamanslåing i 2020 er det viktig å få ein totaloversikt over investeringsbehova i dei to kommunane. Dette må følgjast tett opp av Fellesnemnda.

FrP/H/V kjem attende til Prosjekt Parkeringsbygg Osøyro direkte i kommunestyret 18.12.18, ref. arbeid som pågår i regi Liv på Øyro II.

Vedr. Prosjekt gravplass på Nore Neset meiner FrP/H/V at vi bør komma i gang med planlegging og prosjektering i 2019, og flyttar kr 2 000 000 frå investeringsposten for prosjektet i 2020 til 2019 (2019; 2 mill, 2020, 13 mill, 2021; 15 mill).

FrP/H/V sluttar seg elles til prioriteringane i investeringsbudsjettet slik det kjem fram i rådmannen sitt budsjettframlegg side 24.

6. Verbalforslag

6.1. Sjukefravær

Sjukefraværet i Os kommune syner ei negativ utvikling i 2018. FrP/H/V viser også til at kommunen berre unntaksvis har vært i nærleiken av å nå vårt eige mål om 7% sjukefravær dei siste åra. Dette trass i at det har vært lagt ned omfattande ressursar i nærværarbeidet i tråd med IA-avtalen.

FrP/H/V vil difor be rådmannen om å vurdere ein ekstern gjennomgang av nærværarbeidet i kommunen, og sjå på moglege tiltak for å spissa arbeidet mot einingar med høgt fravær, god leiing osv. Eit nærare samarbeid med NAV Arbeidslivsenteret kan være aktuelt.

Framlegg til vedtak:

Os kommunestyre ber rådmannen vurdere ein ekstern gjennomgang av nærværarbeidet i kommunen, og sjå på moglege tiltak for å spissa ressursbruken på området.

6.2 Næringsutvikling

Det er gjort mykje godt arbeid på nærings sida allereie. Like fullt er det viktig at ein fortsetter det viktige arbeidet med å tiltrekka oss eit offensivt og innovativt næringsliv - med eit klart mål om å skapa fleire arbeidsplassar. Det er også viktig å ta vare på og utvikla det næringslivet ein allereie har, og difor er samarbeidet mellom lokalt næringsliv og kommunen viktig. FrP/H/V fremja i 2018-budsjettet eit verbalframlegg om ei kartlegging/brukarundersøking for næringslivet i Os. Vi kan ikkje sjå at dette er gjennomført, og fremjar forslaget igjen.

Framlegg til vedtak:

Os kommunestyre ber rådmannen foreta ei kartlegging/brukarundersøking av eksisterande og etablert næringsliv i kommunen. Undersøkinga må visa kva for bransjar som er dominerande og viktige for Os i dag, med tanke på verdiskaping, sysselsetjing og liknande. Formålet er å danna eit grunnlag for strategi/plan for korleis kommunen gjennom sitt næringsarbeid kan bidra til fortsatt auke i vekst og sysselsetjing. Viktig her er kartlegging om korleis næringslivet ser på kommunen som samarbeidspartner og kva ein forventar av Os kommune.

6.3 Rett yting i NAV-systemet og analyse av sosialhjelpsutbetalingane

FrP/H/V registrerer at rådmannen ikkje har sett behovet for å følgje opp kommunestyrets vedtak frå 2018-budsjettet om re-etablering av prosjektet «Rett Yting». Dette er skuffande ettersom kommunen har hatt ei dramatisk negativ utvikling i sosialhjelpsutbetalingane dei siste åra (frå 7,5 mill kr i 2014 til nær 18 mill kr i 2018).

Vi gjentek difor framlegget om «Rett yting» frå i fjor, og ber samstundes rådmannen leggja fram ei analyse av auken i sosialhjelpsutbetalingane sidan 2014 (mottakargrupper, lengde på ytingar, effekt av aktivitetsplikt, endringar i arbeidsavklåringspengar osv.). Analysen bør munne ut i konkrete tiltak for å snu den negative trenden.

Framlegg til vedtak:

Os kommunestyre ber rådmannen re-etablere prosjektet «Rett Yting» med mål om å få brukarar av sosialstønad inn på rett yting. Dette for at kommunale stønader ikkje vert innvilga i dei høve der det er meir riktig at ein skulle hatt statleg stønad.

Os kommunestyre ber samstundes rådmannen leggja fram ei analyse av auken i sosialhjelpsutbetalingane sidan 2014 (mottakargrupper, lengde på ytingar, effekt av aktivitetsplikt, endringar i arbeidsavklåringspengar osv.). Analysen bør munne ut i konkrete tiltak for å snu den negative trenden.

6.4 Samarbeid NAV, kommune og lokalt næringsliv – vidareutvikling

FrP/H/V er godt nøgd med oppfølginga av dette verbalforslaget frå 2018-budsjettet, men understrekar at prosjektet må vidareutviklast. Vi gjentek difor teksten frå sist budsjettdokument, og ber rådmannen om å følgja opp også i 2019. Kommunen bør også vurdere om ein kan etablere fleire plassar for arbeidstrening i den kommunale organisasjonen.

Os Kommune har dei siste åra hatt aktivitetsplikt for mottakarar av sosialhjelp. FrP/H/V ser det som avgjerande at NAV Sosial opprettheld eit sterkt fokus på aktivitetsplikt for alle mottakarar av sosialhjelp, uavhengig av alder. Med styrkinga av næringsavdelinga i kommunen ynskjer FrP/H/V eit tettare samarbeid mellom NAV Sosial, næringsavdelinga og det lokale næringslivet. Dette er avgjerande for at vi skal få stabilisert og på sikt redusert utbetalingar av sosialhjelp i Os kommune. FrP/H/V ynskjer også at Os kommune ser på tilgjengelege prosjektmidlar innan NAV, stat og fylke, for å kunna styrka arbeidet med å få mottakarane over på arbeidsretta aktivitetar.

Framlegg til vedtak:

Os kommunestyret ber rådmannen om å vidareutvikla eit meir formalisert samarbeid mellom Nav, kommune og lokalt næringsliv, der hovudfokus skal vera arbeid, aktivitet og mål om at ein skal klare seg sjølv og ikkje gå på sosialstønad over lang tid. Rådmannen må også vurdere om kommunen kan etablere fleire plasser for arbeidstrening i den kommunale organisasjonen.